

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag 16. september 2014 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.30 (inkl. pause)
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Øyvind Haraldseid (H), Margrete Veim (Frp), Bjørg Borgemyr (Krf), Nils Terje Oma (Ap), og Anders Haugland (Sp)
<b>FØRFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor/partner Roald Stakland - KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 10/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.05.14

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.05.14 blir godkjent.

**Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 11/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.09.14**

17. Statusrapport pr. september 2014
18. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
19. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:**

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 17 – 19 til orientering.*

## **SAK 12/14 OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2013**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:**

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Rådmannen v/økonomisjefen har i brev gjort greie for at administrasjonen vil etterkomme revisor sine merknadar. Desse merknadane omhandla tilstrekkeleg dekning på skattetrekkkonto og budsjettregulering. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.*

## **SAK 13/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2014**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:**

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

*Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.*

## **SAK 14/14 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014**

**(Ikkje offentleg jf. - Ofl. § 24/KL § 31 nr 5)**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Leiar innleia kort om saka. Planen blei delt ut i møtet. Revisor gjekk igjennom planen. Han nemnde spesielt erfaringane frå fjorårets revisjon og fokusområda i årets revisjon. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

*Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.*

## **SAK 15/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.*

## **SAK 16/14 REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.*

*Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.*

## **SAK 17/14 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2015 – UTVALET SITT FRAMLEGG**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2015 med ei totalramme på kr 684.000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	94.000
Kjøp av sekretærtenester	Kr	170.000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	420.000
<b>Totalt</b>	<b>Kr</b>	<b>684.000</b>

**Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2015 med ei totalramme på kr 684.000, som fordel seg slik:*

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>94.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester</i>	<i>Kr</i>	<i>170.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>420.000</i>
<b><i>Totalt</i></b>	<b><i>Kr</i></b>	<b><i>684.000</i></b>

## **SAK 18/14 INVITASJON - SELSKAPSKONTROLL - HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGS- PARK AS - PROSJEKTPLAN**

**Sekretariatet si innstilling:**

1. Vindafjord kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.
3. Vindaffjord kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.

#### **Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14**

Leiar gjorde greie for saka. Han peika på at det var omfattande og aktuelle problemstillingar som var tatt inn i prosjektplanen. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

#### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:**

1. *Vindaffjord kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS.*
2. *Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet. For Vindaffjord kontrollutval vil dette utgjere 26 timar.*
3. *Vindaffjord kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.*

## **EVENTUELT**

### Vindkraftverk-saka

Anders Haugland tok opp att sak frå førre møte, under Eventuelt, om kommunen sin handsaming rundt etablering av vindkraftverk og krav framsett til ein utbyggingsavtale.

Utvalet var samd om at dei ville be revisor sjå nærare på forholda og dokumentasjon lagt fram i kommunestyresak 14/14, Vindkraftverk og utbyggingsavtalar, samt 15 og 16/14 om høyring for søknad om konsesjon.

Utvalet ønskte at det blir lagt fram sak til neste møte.

**Neste møte: 12.11.14, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 16.09.14

Øyvind Haraldseid  
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær